



Ospeli burettslag

periode 2022-2023

www.ospeli.no

Infoskriv nr. 4- februar 2023

Styremedlemmar 2022/23

Styreleiar:

Anders Wallacher Haukås

Styremedlemmar:

Lars Petter Holgersen (nestleiar)

Helge Johnny Salbu

Geir Angell

Hiam Al Falah

Varamedlemmar:

Janne Skarbø

Helge Bjørlo

Vi ber om at alle førespurnader til styret blir gjort per e-post til styret@ospeli.no. Vi svarar så fort vi kan, men vi ber om tålmod for saker som ikkje er hastesaker.

Generalforsamling og frist for å sende inn forslag

Generalforsamling blir 26. april kl. 18.00 på Borghilds Minne. Forslag til Generalforsamling må sendast til styret innan 1.mars (8 veker før).

Nytt på leikeplassen

Styret har bestilt nye leikeapparat som skal settast opp i veke 12. Det meste

av leikeapparata som står der i dag må rivast og fraktast vekk. Styret kallar inn til dugnad laurdag 11. mars frå 11-13 og ber alle familiar som brukar leikeplassen om å stille med minst ein person.

Radon i Ospeli

Styret har i vintermånadene hatt gåande to radonprosjekt. Så langt viser målinga til dels veldig gode resultat. Meir informasjon vil komme i styrets årsberetning til bebruarane.

Snømåking, strøing og salting

Styret beklager at kvaliteten på snømåking, strøing og salting har vore for dårleg i vinter. Vi har nyleg hatt eit møte med leverandøren og vi ventar ei betring i tenesta. Styret vil følge dei opp tett framover.

Rabattavtale med Bergen Rørkompani

Om det er behov for røreleggar så ver merksame på at Ospeli har ein rabattavtale med Bergen Rørkompani. I normal arbeidstid kan ein ringe 55361616, eventuelt direkte til Stian på 41627747. Vakttelefon 40905973. Denne kan brukast etter kl 1500. Eigne satsar etter kl. 1500

Frå valgkomiteen

Valgkomiteen har starta arbeidet og ønskjer kandidatur og tips om kandidatar til styret i burettslaget. Innstillinga skal leverast til styret innan utgangen av mars, og ein kan gi tips og forslag til komiteen ved Benedicte Angell (93834233) eller Kristin Asbjørnslett (93858076) innan 15. mars.

Bytte soilrør

Dersom nokon har planar om å pusse opp bad eller kjøkken så ber vi om at ein samtidig byttar soilrøret som ligg i etasjeskillet mellom kjøkken og bad. Burettslaget dekker i slike tilfeller kostnadane ved dette byttet. Ta kontakt med styret@ospeli.no for å avtale nærmare.

Søknadspliktig arbeid

Styret **skal** varslast før igangsetting av oppussingsarbeid som omfattar arbeid på «bærande konstruksjonar» dvs. tak, golv, ytterveggar, bærande inneveggar, i tillegg til rørsystem for vatn og avløp. Det same gjeld bygging av terrasse, installasjon av varme-pumpe etc. Er du i tvil om det er nødvendig å søke om det du har tenkt å gjere så kontakt styret; styret@ospeli.no

BOB-appen

BOB jobbar med ei løysing som vil gjere det lettare for styret å kommunisere bebuarane i laget. Den nye tenesta vil innehalde både SMS, Epost og varsel i app. Vi oppfordrar derfor alle bebuarane som har smarttelefonar om å laste ned BOB-appen ved å nytte QR-kodane under. I appen vil de også finne

medlemskortet og medlemsfordelane dykkar.

Styret ber også alle bebuarar om å sjekke at BOB har registrert korrekt telefonnummer og epost-adresse slik at vi kan komme i kontakt med dykk når det er nødvendig. Dette kan gjerast i appen under «Mer» og så «Profil» eller ved å logge inn på BOB-sine medlemssider. Dersom du har problem med å logge inn så kan BOB

hjelpe på telefon 55 54 74 00 eller på epost: medlem@bob.no

